



Notat

Dato: 18.03.2019
Arkivsak: 2016/11221-39
Saksbehandlar: nilvetl

Til: Sekretariatet for kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Prosjektrekneskap - fylkesveggar

Fylkestinget vedtok i sak 37/18 Prosjektrekneskap – justert godkjenningsordning nye grenser for kva prosjektrekneskap som skal fram for politisk godkjenning.

Kontrollutvalet har i møte 11. februar 2019 gjort slikt vedtak.

«1. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen til neste møte i kontrollutvalet gjer skriftleg greie for kvifor det til no ikkje er levert prosjektrekneskap for samferdsel eller andre avdelingar enn eigedomsavdelinga, jf. fylkestinget sitt vedtak i sak PS 37/18 frå 12.06.2018.

2. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 18.03.2019.»

Fylkesrådmannen kan opplyse følgjande:

Statens vegvesen står for rekneskapsføring av fylkesvegprosjekta under ordninga sams vegadministrasjon. Regionvegsjefen har under arbeid fleire prosjektrekneskap som skal leggjast fram for godkjenning i samsvar med reglane fylkestinget vedtok i juni 2018.

Følgjande prosjektrekneskap er under ferdigstilling med tentativt tidspunkt for oversending til fylkeskommunen i parentes:

- Stord Vestside – delprosjekt Fv 545 Rimbareid-Vik – prosjektrekneskap (april-19)
- Kvammapakken – delprosjekt fv 7 Skarpasvingen – Øystese – prosjektrekneskap (mai -19)
- Askøypakken – delprosjekt fv 212 Lindhaugen – Slettebrekka – prosjektrekneskap (mai-19)
- Fv 540 Bjørgeveien – Straume-Sandeide – prosjektrekneskap (mai-19)
- Fv 263 Kong Oscars gate – prosjektrekneskap (juni-19)
- Gang og sykkelbru Nygårdstangen (Nonnekloppen) – prosjektrekneskap (juni-19)

Regionvegsjefen arbeider i tillegg med rekneskap for følgjande prosjekt:

- Fv 7 Hagaås – Liarostunnelen
- Ringveg vest II
- Matredalen
- Kollektivterminal Voss
- Bygging av nye bomsnitt

Målsetjinga er å ferdigstille også desse rekneskapane i løpet av 2019 under føresetnad av at avsluttingsarbeidet skjer som planlagt.